

# JOURNALISTPRISEN

— 2020/2021 —


## Kristine Brandsdal Barane *Sunnhordland*

Det starta med ei relativt tradisjonell nyhendesak om demente Gerd (89) som skal sendast heim frå sjukeheimen tre dagar før julaftan. I staden for å la det bli med denne enkeltsaka, vel journalisten å laga historia om samhandlingsreforma i Stord kommune.

Ho undersøker konsekvensane av at kommunen ikkje klarer å ta imot pasientar som er ferdigbehandla på sjukehus, og får innsyn i avvik som er meldt inn i heimetenesta. Journalisten får både kommuneleinga og tilsette i tale, og plutselig vil rådmannen likevel opna fem nye sjukeheimsplassar så raskt som mogleg. Dette er lokalavisjournalistikk på sitt beste, der journalisten ikkje gir seg der mange andre ville stoppa.

Gerd får sjukeheimsplassen ho treng, og Kristine Brandsdal Barane i Sunnhordland får velfortent LLAs journalistpris.

JURYEN, OSLO, 18. JUNI 2021

  
Silje Skiphamm

  
Grethe Gynnild-Johnsen

  
Arne Jensen